

# NKR- REKOMP- 30 % POTTEN

Nordhordland kompetanseregion får årleg tilskot frå Statsforvaltaren i Vestland gjennom REKOMP-ordninga. Midlane skal nyttast til tilrettelegging for kompetanseheving for tilsette i private og kommunale barnehagar i regionen til:

- barnehagefaglig grunnkompetanse
- kompetanseheving for fagarbeidere og assistentar
- fagbrev som barne- og ungdomsarbeider
- tilretteleggingsmidler for lokal prioritering

Tilsette som får støtte til studier gjennom UDIR si ordning vil ikkje få støtte frå 30%-potten.

**NKR har følgjande ordning for støtte/tilrettelegging gjennom REKOMP - 30 % potten:**

## Modellar:

### 1. Støtte til fagutdanning:

- Lærlingar i ordinære** løp får studiestøtte frå Lånekassen og lønn jfr lærlingekontrakt. Ingen støtteordning.
- Praksiskandidat** arbeidar i sin stilling og mottok løn. Kan søkje om:
  - Frikjøp 2t/veke til veiledningssamtale, lese faglitteratur/skrive tekstar/oppgåver, dokumentere framgang og nådd kompetansemål. Barnehagen får Inntil kr 25.000,-
  - Støtte til innkjøp av lærebøker Inntil kr 5.000,-
  - Støtte til kostnader sakkunnig uttale PPT Inntil kr 5.000,-
- Fagbrev på jobben**
  - Frikjøp 2t/veke til veiledningssamtale, lese faglitteratur/skrive tekstar/oppgåver, dokumentere framgang og nådd kompetansemål.  
Barnehagen kan få Inntil kr 25.000,-
  - Støtte til innkjøp av lærebøker Inntil kr 5.000,-
  - Støtte til kostnader sakkunnig uttale PPT Inntil kr 5.000,-

### 2. Støtte til vidareutdanning for dei som har fagutdanning

- Permisjon med løn/frikjøp ved deltaking på samlingar.  
Barnehagen kan få Inntil kr 30.000,-
- Støtte til innkjøp av lærebøker Inntil kr 5.000,-
- Støtte til studieavgifter Inntil kr 5.000,-

### 3. Støtte til høgare vidareutdanning – for barnehagelærar, pedagogisk leiar og styrar.

i.	Permisjon med løn/frikjøp ved deltaking på samlingar	Inntil kr	30.000,-
ii.	Støtte til innkjøp av lærebøker	Inntil kr	5.000,-
iii.	Støtte til studieavgifter	Inntil kr	5.000,-

#### Kriterier for tildeling:

- Den som søker om støtte må vere tilsett fast i minst 50 % stilling.
- Støtte til frikjøp/permisjon vil vere i høve til stillingsstorleik.
- Utdanning i tråd med eigar sine satsingsområder.
- Skriftleg avtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar om gjennomføring av kompetanseheving.
- Dokumentasjon frå arbeidsgjevar på stilling i privat/kommunal barnehage i Alver/Austrheim/Fedje/Masfjorden/Modalen/Osterøy kommune.
- Signert lærekontrakt med for tilsett som skal vere Praksisikandidat eller ta Fagbrev på jobben.
- Dokumentert studieplass ved utdanningsinstitusjon for tilsett som skal ta høgare utdanning.
- Dokumentasjon på utgifter til lærebøker.
- Dokumentasjon på utgifter til studieavgifter.
- Dokumentasjon kostnader sakkunnig uttale PPT.

#### Søknad:

Søknad om støtte vert sendt på epost med vedlegg til [post@xxxx.kommune.no](mailto:post@xxxx.kommune.no). Det må gå tydeleg fram av søknaden kva ein søker støtte til.

Merk søknaden **Støtte REKOMP 30%-potten**.

#### Tildeling og utbetaling:

- Søknadsfristar barnehageåret 2021-22: 01.10.21 og 01.04.22
- Oppvekstmyndet i kommunen handsamar og prioriterer søknader.
- Regional barnehagegruppe tildeler.
- Kommunane betalar ut stønad til mottakar og fakturerer NKR etterskotsvis.

Vedteke i Regional barnehagegruppe 14.06.21.